

Kjære medlemmar,

Mars 2023

Først av alt- tusen takk for ein vellykka kongress i barne- og ungdomsfysioterapi til kongresskomiteen og til alle som var der! Det var stas å samle heile 265 deltagarar frå heile landet og inspirerande å høyre frå så flinke fagpersonar om kva som rører seg på barnefysioterapifeltet. Det er ein styrke at kongressen flytter på seg- både for å gjere kongressen lettare tilgjengeleg for alle og for å få meir innsikt i arbeidet i dei ulike fagmiljøa i landet. Redaksjonen i Tidsskrift i barne- og ungdomsfysioterapi var tilstades på kongressen og har alt lagt ut fleire reportasjar der du kan få innblikk i nokre av tema:

<https://www.barneogungdomsfysioterapi.no/> Kommunikasjonsheten i NFF var der andre dagen og laga følgjande oppsummering: <https://aktuelt.fysio.no/mangfoldig-buf-kongress>
Neste års kongress blir i Oslo, og kurs- og fagutviklingsutvalget er alt i gang med planlegginga. Har du ønske om tema og foredragshaldere, ta gjerne kontakt på

barneogungdom@fysio.no

Fristen for stipendsøknad til BUF er 1. april, som annonsert i tidsskriftet vårt:

<https://www.barneogungdomsfysioterapi.no/barneogungdomsfysioterapi/sok-stipend-til-fagutvikling-frist-1-april/148197> Merk at kurset/konferansen må vere avvikla før du søker og at du må ha vore medlem i faggruppa i 1 år for å kunne søke. Årsmøtet 2023 utvida stipendsummen til totalt kr. 50 000 frå kr. 30 000 per år, så no har faggruppa fleire midlar å gi tilbake til medlemmane. Maks stipendsum per medlem per år er kr. 5000.

Fredag 31. mars kjem Folkehelsemeldinga. NFF er med i Alliansen for fysisk aktivitet i skolen, som er tilknytta Nasjonalforeninga for folkehelse. I løpet av neste veke vil alliansen skape litt blest rundt dette med forventninga om at Folkehelsemeldinga seier noko om at ein må få dagleg fysisk aktivitet inn i skolen- så følg med i nasjonale media! BUF har hatt innspelsmøte med Helsedirektoratet til den nye bemanningskalkulatoren for ungdomsskolen og jobber i desse dagar vidare med det. Vi er spente på og har høge forventningar til det nye Kompetansesenteret for helsestasjon og skolehelsetjeneste gjennom Folkehelseinstituttet på Levanger. Avdelingslederstillinga er alt utlyst og det vil truleg bli lagt ut fleire stillingar etterkvart- her må vi som fysioterapeutar melde oss på, så følg med!

Frå årsmøtet 2023 kan vi forøvrig meddele at alle i styret forset i verva i perioden 2023-2025- vi takker for tilliten! Vi har fått ny redaktør i Tidsskrift for barne- og ungdomsfysioterapi; Eirin Dale som tar over etter Kristine Rabben Amundsen, takk for innsatsen til Kristine for arbeidet med opprettning av tidsskriftet! I tillegg til Eirin frå Haukeland sykehus, fortset Egill Helguson Neumann frå Ålesund kommune i redaksjonen. Nye redaksjonsmedlemmar er Kristin Bårdsen frå Trondheim kommune og Runa Kalleson frå Oslo Met. Kontakt redaksjonen om stort og smått på den nye adressa redaksjonBUF@fysio.no

Takk til Hege Hadeland som går ut av valgkomiteen. Valgkomiteen for 2023 består av Anne Marie Muller, Lars Bovim og Inger Lise Pladsen Altern, så ta kontakt om du er interessert i å stille til valg for verv til neste årsmøte!

Da gjenstår det å ønske alle ei riktig god helg- og god påske når den tid kjem!

Med helsing faggruppeleder Ingunn Skogseth-Stevens, på vegne av styret i BUF